

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/3777-50

Avvikling av F1 Holding AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet.
2. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar og plikter etter avtalane som er inngått mellom Havilafjord AS og F1 Holding AS i samband med salet av Fjord1-aksjane. Dette gjeld:
 - a. aksjekjøpsavtale dagsett 14. oktober 2016
 - b. opsjonsavtale dagsett 14. oktober 2016
 - c. låneavtale dagsett 14. oktober 2016
 - d. tilleggsavtale dagsett 12. mai 2017 og
 - e. ev. attverande rettar og pliktar i aksjonæravtale dagsett 14. oktober 2016.
3. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar etter bankgarantien utferda av Sparebanken Vest dagsett 22. mai 2017.
4. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS velje følgjande som avviklingsstyre i selskapet:
 - a. ...
 - b. ...
5. Ev. likvidasjonsoverskot som fylkeskommunen får utdelt etter aksjelova § 16-9 vert tilført ubunde kapitalfond «Fjord1».

Andre relevante dokument i saka:

FT-sak 30/16, inkl. aksjekjøpsavtale, opsjonsavtale, aksjonæravtale og låneavtale

FU-sak 42/17, inkl. tilleggsavtale og bankgaranti

FT-sak 36/17

Samtykke til avvikling og overføring frå Havilafjord AS

Samtykke til avvikling og overføring frå Sparebanken Vest

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

F1 Holding AS (heretter F1 Holding) vart etablert for å forvalte fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 AS, jf. FT-sak 16/11. Fylkeskommunen overførte heile aksjeposten sin (59 %) til F1 Holding i 2011.

I august 2016 vedtok fylkestinget i sak 30/16 å godkjenne sal av F1 Holding sine aksjar i Fjord1 AS til Havilafjord AS (heretter Havilafjord). Salet skjedde trinnvis med sal av 26 % av Fjord1-aksjane i oktober 2016 og dei resterande 33 % av aksjane i mai 2017. Ved handsaminga av *Eigarmelding 2017* bad fylkestinget fylkesrådmannen vurdere avvikling av F1 Holding, jf. sak 36/17, vedtaket punkt 3b.

Avvikling av F1 Holding vil i praksis innebære at F1 Holding sine rettar og plikter etter det avtaleverket fylkestinget slutta seg til i sak 30/16 vert overført til fylkeskommunen. Fylkestinget er difor det kompetente organet i fylkeskommunen til å ta stilling til avviklings spørsmålet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Avvikling av selskapet

I samband med sal av aksjane og opsjonsaksjane avtalte partane ein salskreditt på totalt 367,5 mill. kr som forfell til betaling 30. juni 2020. I utgangspunktet har fylkeskommunen difor behov for F1 Holding fram til oppgjeret for aksjane er gjennomført i samsvar med opsjonsavtalen og tilleggsavtalen.

Eit aksjeselskap er etter aksjelova, rekneskapslova m.fl. pålagt årlege plikter og oppgåver, m.a. krav om revisjonsmelding, årsrekneskap, årsmelding, ordinær generalforsamling osv. Selskapet medfører såleis arbeid for - og utgifter til - rekneskapsfører, revisor, dagleg leiar og styreleiar. Selskapet medfører også noko arbeid for administrasjonen. Ved avvikling av selskapet no, vil fylkeskommunen spare utgifter og arbeidstimar fram til 30. juni 2020. Kostnadene og arbeidet med sjølve avviklinga vil vere like omfattande uavhengig av om selskapet vert avvikla no eller i 2020. Ovannemnde talar for å avvikle F1 Holding no dersom dette er mogleg.

Overdraging av F1 Holding sine avtalar

I samband med salet av F1 Holding sine aksjar i Fjord1 AS er F1 Holding part i aksjekjøpsavtale, aksjonæravtale, opsjonsavtale og låneavtale dagsett 14. oktober 2016, samt tilleggsavtale dagsett 12. mai 2017. Vidare er F1 Holding kreditor i medhald av ein bankgaranti av 22. mai 2017 som er utferda av Sparebanken Vest.

Overfor Sparebanken Vest er det tilstrekkeleg at fylkeskommunen orienterer om at fylkeskommunen vil overta kreditorposisjonen. F1 Holding har likevel innhenta stadfesting på at Sparebanken Vest ikkje har innvendingar mot ei slik overføring.

Etter avtaleverket med Havilafjord kan Havilafjord bli kreditor vis-a-vis F1 Holding dersom det skjer brot på garantiane som F1 Holding har gitt i aksjekjøpsavtalen. F1 Holding har altså eit potensielt garantiansvar overfor Havilafjord. F1 Holding sine plikter etter avtaleverket med Havilafjord kan difor ikkje overførast til ein tredjepart utan samtykke frå Havilafjord. F1 Holding har henta inn slikt samtykke frå Havilafjord. Sistnemnde har skriftleg stadfesta at dei ikkje har innvendingar mot ei avvikling av F1 Holding AS, så lenge rettane etter avtaleverket blir overførde til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen overtek rettar og plikter

Etter avvikling, og overføring av rettar og plikter frå F1 Holding, er det fylkeskommunen som vil vere kreditor for den resterande kjøpesummen for Fjord1-aksjane, og som vil vere pliktsubjekt etter avtaleverket med Havilafjord.

Ifølgje aksjekjøpsavtalen punkt 10.1.1 kan F1 Holding bli ansvarleg for direkte tap som oppstår som følgje av at F1 Holding bryt sine forpliktingar etter avtalen. Fylkeskommunen overtek dette ansvaret.

Fylkesrådmannen minner elles om at fylkeskommunen har forplikta seg til å dekke kostnadane for bankgarantien med inntil 10 mill. kr, sjå FT-sak 30/16 og FU-sak 42/17.

Avviklingsstyre

Etter at eit selskap er vedteke oppløyst, skal generalforsamlinga velje eit avviklingsstyre som trer i staden for styret og dagleg leiar, jf. aksjelova § 16-2.

Aksjelova kap. 16 legg fleire plikter på avviklingsstyret i samband med avviklinga av selskapet. Avviklingsstyret skal m.a. lage ei oversikt over selskapet sine eigedelar, rettar og plikter. Vidare skal styret setje opp ein avviklingsbalanse som skal reviderast og sendast til aksjonærane. Selskapet vil få bistand frå revisor til dette.

Avviklingsstyret skal også sørge for at selskapet sine skyldnader vert dekket i den utstrekning kreditor ikkje har gitt avkall på sitt krav eller godtek ein annan debitor. Medlemer av avviklingsstyret hefter solidarisk for selskapet si udekkede gjeld, med mindre avviklingsstyret kan godtgjere at dei har opptredd med tilbørleg aktsemd.

Aleksander Øren Heen er styreleiar i F1 Holding (einestyre), medan Jan Øhlckers er dagleg leiar.

Sistnemnde har sagt seg villig til å gå inn i avviklingsstyret dersom fylkestinget ønskjer dette. Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding velje Jan Øhlckers, samt noverande styreleiar, eller ein annan folkevald, som medlemmer i avviklingsstyret. Ved behov kan avviklingsstyret engasjere ekstern juridisk bistand og nytte F1 Holding sin revisor.

Utdeling etter aksjelova § 16-9 og skattemessige konsekvensar

Som fylkesrådmannen varslet i tertialrapport 2/17, vert det arbeidd med å gjennomføre ei ekstraordinær generalforsamling i F1 Holding AS for å overføre mest mogleg av salsbeløpet frå nedsalet av Fjord1 AS. Det vert truleg utbetalt 155 mill. kr i ekstraordinært utbytte i 2017, sjå sak om «Endringar i budsjettet for 2017», som vert handsama av fylkestinget i desember 2017.

Resterande midlar i selskapet – etter at eventuelle forplikningar er dekket – vert ved avviklinga utdelt til fylkeskommunen i samsvar med aksjelova § 16-9. Etter ekstraordinær generalforsamling vil det truleg stå att om lag 13 mill. kr som kan delast ut i likvidasjonsoverskot.

Utdeling til fylkeskommunen vil følgje reglane om «gevinst-skattlegging» av aksjar. F1 Holding har henta inn ei juridisk vurdering om dei rettslege konsekvensane av oppløysing av selskapet. Ifølgje vurderinga vil ev. skattemessig gevinst som følgje av avviklinga vere skattefri for fylkeskommunen, både etter det generelle skattefritaketⁱ, og etter den såkalla fritaksmetodenⁱⁱ. I den utstrekning avviklinga medfører skatteforplikningar for selskapet, vil medlemene av avviklingsstyret vere ansvarlege for at det vert halde attende tilstrekkelege midlar til å dekke desse og ev. andre skatteforplikningar.

3. Konklusjon

Restbetalinga for Fjord1-aksjane forfell 30. juni 2020. Dersom fylkeskommunen avviklar selskapet alt no, vil vi spare arbeid og utgifter i perioden fram til 30. juni 2020, m.a. til rekneskapsførar, revisor, dagleg leiar og styreleiar. Korkje Havilafjord AS eller Sparebanken Vest har innvendingar mot avvikling av F1 Holding AS og overføring av F1 Holding AS sine rettar og pliktar til fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkeskommunen avviklar F1 Holding AS, og at fylkeskommunen overtek selskapet sine rettar og plikter etter avtaleverket med Havilafjord og bankgarantien.

ⁱ Jf. skattelova § 2-30 (1) bokstav c.

ⁱⁱ Fylkeskommunen er subjekt under fritaksmetoden ifølgje skattelova § 2-38 (1) bokstav g, og realisasjon av aksjane i F1 Holding er då fritatt for skatt etter § 2-38 (2) bokstav a.